



Utbedring tre kryss, fv 506 og fv 505, Bryne øst – arkeologisk rapport

Gnr. 19 Bnr. 1, Time kommune
2020/46922 Rapport 2020



Innhald

1	Samandrag	5
2	Rammene for undersøkinga	6
2.1	Bakgrunn	6
2.1.1	Bakgrunn for undersøkinga	6
2.1.2	Planområdet	6
2.1.3	Tidlegare registrerte kulturminne i området	6
2.2	Metode og faglege rammer	8
2.2.1	Overflatesøk	8
2.2.2	Innmåling	8
2.3	Praktisk informasjon	8
2.3.1	Deltakarar og tidsbruk	8
2.3.2	Anna praktisk informasjon	8
3	Undersøkinga	9
4	Konklusjon	10

Figurliste

Figur 1: Planområdet (markert med raudt) sin plassering	6
Figur 2: Det er kjend ei rekke kulturminne i området. Planområdet er markert i grønt.....	7
Figur 3: Kartet synar den tidlegare vegbanen til Kvernelandsvegen. Dagens sykkelsti og vegar er teikna opp i gult og oransje. Planområdet er markert med blått.	8
Figur 4: Lengst frem i bildet kan ein sjå at terrenget flatar ut; her har Kvernelandsvegen tidlegare gått. Biletet er tatt mot vest.	9

Tabelliste

Tabell 1: Oversikt over kulturminne i nærområdet	7
--	---

Vedlegg

Litteraturliste

Fotoliste

Generell informasjon

Namn på sak:	Utbedring tre kryss, fv 506 og fv 505, Bryne øst		
Saksnummer:	2020/46922	Registreringsår	2020
Sakshandsamar:	Sikke Viste		
Tiltakshavar:	Rogaland fylkeskommune, planlegging og utbygging – Rural, postboks 130, 4001 Stavanger		
Entreprenør:	x		
Feltarbeid utført:	28.09.2020	Ved:	Kim Thunheim og Isabel F. Berge
Etterarbeid utført:	30.09.2020	Ved:	Isabel F. Berge

Kommune:	Time	Gardsnamn/gnr.	19	Bnr.	1
-----------------	------	-----------------------	----	-------------	---

Faglege konklusjonar:

<input type="checkbox"/>	Planen er i konflikt med automatisk freda kulturminne	Askeladden ID	Type funn
	Kulturminne påvist på denne undersøkinga		
	Tidlegare kjente kulturminne innanfor planområdet		
<input type="checkbox"/>	Undersøkt med tanke på dispensasjon utan vilkår		

<input checked="" type="checkbox"/>	Planen er ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne
-------------------------------------	--

Synfart av Arkeologisk museum / Uis	Dato:		Ved:	
--	-------	--	------	--

Merknader	
------------------	--

Forord

Kulturavdelinga ved Rogaland fylkeskommune er førsteinstans og den regionale kulturminnemyndigheita. Fylkeskommunen har, med få unntak, det formelle forvaltingsansvaret for alle kulturminne. I tillegg har fylkeskommunen ansvaret for å gjennomføre arkeologiske registreringar av automatisk freda kulturminne.

Etter å ha motteke ein plan, gjer fylkeskommunen ei fagleg vurdering om planen kan kome i konflikt med kjente og ukjente automatisk freda kulturminne. Der potensialet for konflikt vert vurdert som høgt, kan det bli naudsynt med ei arkeologisk registrering. Med automatisk freda kulturminne meiner ein alle kjente og ukjente kulturminne som kan daterast til før 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år og ståande byggverk eldre enn 1649. Arkeologiske registreringar er heimla i kulturminnelovens § 9, 1. ledd.

I denne rapporten vert resultatata frå den arkeologiske registreringa presentert. Rapporten gjev opplysningar om arbeidet som har vorte utført, kva type kulturminne som vart funne og utstrekninga av desse.

Ei god oversikt over dei vanlegaste typane av kulturminne i Noreg finst i boka «Kulturminner i Norge» av Harald Jacobsen og Jørn-R. Follum.

1 Samandrag

Det vart gjennomført ein arkeologisk undersøking av planområdet 28.09.2020. Delar av området er forstyrra då Kvernelandsvegen tidlegare gjekk gjennom deler av planområdet. Området vart overflateregistrert og det vart ikkje gjort funn av kulturminne.

2 Rammene for undersøkinga


2.1 Bakgrunn

2.1.1 Bakgrunn for undersøkinga

Bakgrunnen for undersøkinga er Rogaland fylkeskommune sitt varsel om oppstart av reguleringsplan for fv 506 og fv 505 utbetring av tre kryss Bryne øst. Det vart tatt ei synfaring av området 12.08.2020. På bakgrunn av områdets topografi og geografiske plassering vart det vurdert at området hadde potensiale for automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje har vore kjent.

2.1.2 Planområdet

Planområdet ligg sør for Frøylandsvatnet i Bryne i Time kommune. Området ligg på gard- og bruksnummer 19/1 og 19/374 inne i eit lite skogholt like ved fv 506. Arealet er på ca. 9100m². Terrenget er svakt hellande mot sørvest og vest, ned mot fv 506. Det er tett skog med hovudsakleg bar bakke.




Figur 1: Planområdet (markert med raudt) sin plassering.

2.1.3 Tidlegare registrerte kulturminne i området

Det er ikkje tidlegare registrert kulturminne innafor planområdet, men det er kjent ei rekke kulturminne i området rundt. Det er for mange kulturminne til at dei alle kan bli skildra, men dei næraste til planområdet er presentert i tabellen under slik at ein kan få eit overblikk over kva kulturminne som er presentert i område.

Askeladden ID	Skildring	Datering
54598	Gravhaug (Fjerna)	Jernalder
173504	Gravminne. Ei tuft og to gravrøyser.	Jernalder
24954	Gravfelt. 11 gravhauger.	Jernalder
54599	Gravfelt. 4 gravhauger.	Jernalder
64510	Gravfelt (Fjerna)	Jernalder
54597	Gardfar	Jernalder

Tabell 1: Oversikt over kulturminne i nærområdet



Figur 2: Det er kjend ei rekke kulturminne i området. Planområdet er markert i grønt.

2.2 Metode og faglege rammer

2.2.1 Overflatesøk

Ved overflatesøk vert det gjort ein systematisk gjennomgang av området for å finne freda kulturminne som er synlege på markoverflata. Overflatesøk kan også vere eit ledd i planlegginga av registrering med sjaking og/eller prøvestikk. Døme på synlege kulturminne er røyser, gardfar, geilar, tufter, helleristningar, kolgroper, jarnvinneanlegg, bygdeborger, holveggar og fangstanlegg.

2.2.2 Innmåling

Innmålingsutstyret som vert nytta er ein GPS CPOS RTK med ei nøyaktigheit på to cm. Der det ikkje er formålstenleg å bere med seg ein CPOS vert det nytta ein Garmin tur GPS. Denne har ei nøyaktigheit på ca. 0,5 – 4 m.

2.3 Praktisk informasjon

2.3.1 Deltakarar og tidsbruk

Den arkeologiske undersøkinga vart utført 28.09.2020 av Kim Thunheim og Isabel F. Berge. Det vart brukt eit dagsverk i felt og eit dagsverk på etterarbeid.

2.3.2 Anna praktisk informasjon

Grunneigar informerte før registreringa at Kvernelandsvegen tidlegare har gått igjennom delar av området. Dette er synleg på eldre flyfoto av området.



Figur 3: Kartet synar den tidlegare vegbanen til Kvernelandsvegen. Dagens sykkelsti og vegar er teikna opp i gult og oransje. Planområdet er markert med blått.

3 Undersøkinga

Området vart overflateregistrert med hjelp av jordbor for å sjå om det var spor etter synlege kulturminne. Planområdet består av barskog og hovudsakleg bar bakke, der terrenget heller svakt mot sørvest og vest. I vest, der den tidlegare vegen har gått, flatar terrenget ut og det er eit par meter med asfalt synleg inne i skogen. Det er usikkert om dette er frå vegen eller andre inngrep. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor området.



Figur 4: Lengst frem i bildet kan ein sjå at terrenget flatar ut; her har Kvernelandsvegen tidlegare gått. Biletet er tatt mot vest.

Nyare tids kulturminne på området

Det vart ikkje gjort funn av nyare tids kulturminne på området.

4 Konklusjon

Overflateregistrering av planområdet vart utført 28.09.2020. Området består av skog med lite vegetasjon. Kvernelandsvegen har tidlegare gått gjennom delar av området. Det er ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne.

Litteraturliste

Jacobsen, H & Follum, J-R. 2008. *Kulturminner I Norge. Spor etter mennesker gjennom 10 000 år*. Tun Forlag.

Fotoliste

NR	MOTIV	RETNING	DATO	SIGN
1	Planområdet	A	28.09.2020	IFB
2	Planområdet	NA	28.09.2020	IFB
3	Planområdet	N	28.09.2020	IFB
4	Planområdet	N	28.09.2020	IFB
5	Planområdet	V	28.09.2020	IFB

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger

Besøksadresse

Arkitekt Eckhoffs gate 1
4010 Stavanger

Telefon

51 51 66 00

E-post

firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no